



Resultatet av kundeundersøkinga vart feira med frukost og kakefest for kundane.

Dei kosa seg riktig godt dei som tok frukosten på SPAR Uskedalen fredag føremiddag. I løpet av dei to timane serveringa varte tok i overkant av 40 kundar mot invitasjonen til god norsk frukost. Mange kosa seg retteleg godt rundt borda, praten gjekk lett og stemninga var god. Andre var meir travle og inntok måltidet ståande, men alle var like fornøgde.

- Det har vore veldig kjekt, kunne ein av dei tilsette, Kari Ljosnes fortelje, og vi har fått mange koselege tilbakemeldingar frå fornøgde kundar.

At kundane er fornøgde med butikken og dei tilsette, viste også den siste kundeundersøkinga som SPAR-kjeda gjennomførte i juni. Nok ein gang vart Uskdalsbutikken best på service, og tala viste betre resultat enn nokon gong.

Også SPAR-kjeda er stolte over butikken. Det gav driftleiar Johan Ringdal klart uttrykk for like etter resultatata av kundeundersøkinga var gjort kjent.

Frukosten var ein del av markeringa av det flotte resultatet. I tillegg var det kakefest som varte heile fredagen. SPAR Uskedalen veit alltid å setja pris på kundane sine.

Stemningen viste også denne dagen at det er ein butikk der kundane og dei tilsette trivest saman.

Av: Thor Inge Døssland.



Drøsen gjekk godt rundt frukostbordet på SPAR